

## HÆRMANNSSONG:

Stridsmann er eg og strid eg er,  
eg strid for land og viv.  
Lydrike folk kan vi aldri bli,  
då kvesser vi sverd og kniv.  
Røten skjelv under føten  
og åsane syng omkring.  
Glade ride Noregs menn  
til Hildarting.

Kongen er komen heim til sitt,  
vil lydast sitt eige land.  
Kven har likare rett til landet  
kven har vel rett som han?  
Det blir far etter føten  
som denne ferda gjer.  
Glade ride Noregs menn  
i kongeferd.

## HÅSTEINVISA

I eit blunk tok han blånen,  
med ein fjert tok han fjorden,  
og ein muns ut av månen tok han kaut.  
Han drog reimar av drome,  
til å binde opp skor med.  
Men han enda - ja det er mesta flaut...

## TAKKESONGEN:

Herre hald oss i handa  
kvar i verde vi villar,  
at vi salt skal La sanna  
livsens ord.  
Gjer oss sterke med din nærleik,  
nør oss du med din nåde,  
så vi kjem oss i kjærleik  
her i nord!-  
Herre Kristus, sign alle  
folk på jord!

## OLSOK:

Makter gode, makter gode,  
dei kan vende alt det vonde  
til det gode, til det gode  
slik som dette kongebloodet.  
Kvinne mann, hand i hand,  
tegn og bumann, kongsmann, bonde  
lyfte opp i himmelklåren  
Heilag Olavs fagre land.